



Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad



Ny forskrift om husdyrgjødsel i Askvoll, Fjaler og Hyllestad

Høringsfristen er 01.04.2024.

Landbruksforvaltninga i HAF har sendt ut forslag til ny lokal gjødsselforskrift på høyring. Bakgrunnen for endring i lokal forskrift for spreiefrist er kommunen sitt arbeid med vassforvaltning. Å redusere omfang av haustspreiing med husdyrgjødsel kan vere eitt av vassmiljøtiltaka som trengst for å oppnå tilfredsstillande vasskvalitet i eit vassdrag. Diffus avrenning frå jordbruksareal i Vestland er oftast knytt til bruk av husdyrgjødsel.

Oppsummert så kjem Landbruksforvaltninga i HAF med framlegg til desse endringane i forskrifta:

- Siste spreiedato vert 1. september på landbruksareal som grensar til vassdrag med dårleg eller har risiko for redusert vasskvalitet. Dette gjelder alle spreiemetodar.
- I andre område skal det i perioden 1. september til 1. oktober ved all spreieing av gjødsel av organisk opphav på jordbruksareal maksimalt spreieast 2 m³ pr. dekar, og mot vassførekomstar, kanalar og opne kummar skal det vere ei gjødselgrisone på minst 6 meter.

Intensjonen er å få til likt regelverk for alle dei tre kommunane, ny forskrift skal vedtakast politisk av kommunestyra i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommune og er avhengig av politisk einigheit i dei tre kommunestyra for at forskrifta vert lik i heile HAF. Høyringa er sendt ut til alle dei lokale faglaga i kommunane og den ligger tilgjengeleg på kommunen sin heimeside.

Søknadsfristar og viktige datoar i 2024

Her er ei oversikt over fristar for ulike ordningar. Utfyllande informasjon finn ein på heimesidene våre. Heimesidene for landbruksforvaltninga er felles for Askvoll, Fjaler og Hyllestad. For å opne lenker, høgreklikk på lenka, og vel «opne hyperkopling»: <https://www.askvoll.kommune.no/tenestene-vare/okonomi-naring-og-landbruk/landbruk/>

Ordning	Søknadsfrist	Rammetildeling		
		Askvoll	Fjaler	Hyllestad
Tiltak i beiteområde (organisert beitebruk)	1.mars	55.000,-	43.000,-	10.000,-
Produksjonstilskot del 1	15. mars			
Produksjonstilskot del 2 og Regionalt miljøtilskot	15. oktober			
Viltfondet Askvoll/Fjaler/Hyllestad	Ingen frist			
Smil	1.april	400.000,-	420.000,-	170.000,-
Drenering	Ingen frist	48.000,-	42.000,-	18.000,-
Tilskot til skogkultur	Ingen frist	40.000,-	130.000,-	10.000,-
Tilskot til skogsveg og taubane	Ingen frist	0,-	0,-	0,-

Kommunane har vi fått bra med midlar til SMIL, men har fått tildelt lite til drenering. Alle kommunane i Vestland har fått lite midlar til drenering, og Statsforvaltaren er i dialog med Landbruksdirektoratet om ei mogeleg tilleggsløyving, men førebels er diverre dette ramma for drenering.

Om søknadsordningane for jordbruket

Bøndene i våre område har vore gode på å nytte dei ulike tilskotsordningane. At tildelte midlar utløyser aktivitet, er viktig for at kommunane skal oppretthalde, og ha mogelegheit for å få auka ramma si frå Statsforvaltaren. Høg aktivitet kan også utløyse tildeling av ekstramidlar gjennom omfordeling av ubrukte midlar frå andre kommunar i løpet av året.

Utfyllande informasjon om ordningane og prioriteringar i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kan ein finne i dokumentet: [Overordna-retningslinjer-for-smil-skog-og-organisert-beitebruk.](#)

2024 er siste året i 4 års perioden for dei lokale strategiane. Arbeidet med rullering av retningslinjene startar til hausten, så no er rette tida for å kome med synspunkt enten til kommunen eller faglaga omkring kva som er viktig å prioritere. Kommunen fastset dei lokale retningslinjene i samarbeid med dei lokale faglaga, innafor dei overordna føringane frå Statsforvaltaren og forskrifta.

SMIL – Spesielle miljøtiltak i landbruket

Føretak som oppfyller vilkåra i forskrift om produksjonstilskot kan søkje Smil midlar. Det er og mogeleg å søke om Smil midlar til tiltak på leigejord. Dette krev at det er gitt løyve frå grunneigar. Eigar av landbrukseigedomen kan også søke om Smil midlar dersom arealet er leigd ut, og det er ein produksjon på garden som oppfyller vilkåra om produksjonstilskot.

Døme på tiltak:

- Beiterydding og gjerding på tidlegare kulturmark som ikkje er ein del av innmarksareal
- Hydrotekniske tiltak for å hindre erosjon og forureining til dømes plastring av open kanal.
- Vedlikehald av gamle steingardar og bakkemurar
- Restaurering av bevaringsverdige bygg etter antikvariske prinsipp
- Etablering av tak for å hindre nedbør i allereie eksisterande gjødselsilo



Gjødsellager med og utan tak Foto: Sveinung Klyve.

Dersom det gjennom året blir tilgjengeleg midlar enten via inntrekte midlar frå prosjekt som ikkje vart fullført i våre kommunar, eller som omfordeling frå andre kommunar som ikkje har brukt alle midlane, vil søknadar som er kome inn etter 1. april også bli handsama på årets løyving, elles vert dei handsama året etter.

Drenering

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksareal med potensiale for auka produksjon på areala, redusert fare for erosjon, og redusert overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Etter jordbruksforhandlingane blei tilskotssatsen for drenering. Den nye satsen blei auka frå 2500 kr til 4000 kr /dekar til profilering, omgraving og systematisk grøfting, og frå 38 kr til 61 kr/ løpemeter til usystematisk grøfting og avskjeringsgrøfter. Den nye satsen blei gjeldande frå 1.juli 2023.

[Du kan lese meir om korleis du søker og finn link til søknadsskjema på landbruksdirektoratet si heimeside.](#)



Tilskot til tiltak i beiteområde – 1. mars

Gjennom beitelaga kan du søkje på tiltak for å stimulere til auka beitebruk i utmark. Føremålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Faste installasjonar som bruer og skiljeanlegg, sperregjerde, elektronisk sporingsutstyr og fellestiltak vert prioritert.

Tiltak som kan søkast om:

- ❖ Elektronisk overvakingsutstyr
- ❖ Sanke og skiljeanlegg
- ❖ Bruer / driftevegar
- ❖ Sperregjerder mot farlege områder
- ❖ Gjetarhytte/ sankehytte



Det er viktig at beitelaga oppdaterer informasjon i Brønnøysundregistrene viss det har komme inn nye i personar i styret.

Ny søknadsrunde for produksjonstilskot (PT) – 15. mars

Tal føretak som søkjer om produksjonstilskot i jordbruket har vore stabilt for Askvoll, Fjaler og Hyllestad dei siste åra. Det er snart tid for å søkje på nytt, og vi minner om at det er tal dyr på føretaket pr. 1. mars som skal registrerast på søknadsskjemaet no.

Vanleg jordbruksproduksjon – Sauehald - Låg avdrått



Vi ser at ein del sauebruk kjem ut med låg eller ingen avdrått og vi ønskjer difor å orientere litt om § 2, Grunnvilkåret i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket:

«Tilskudd etter forskriften kan gis til foretak som er registrert i Enhetsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på én eller flere landbrukseiendommer med de dyreslag eller de vekstgruppene det søkes tilskudd for, slik disse gruppene til enhver tid er definert i medhold av jordbruksavtalen.»

For at produksjon med sau kan reknast som vanleg, krevjast det eit visst avdrått.

Når vi skal vurdere om eit føretak oppfyller vilkåra om vanleg jordbruksproduksjon, kan vi ta ut lister frå leveransedatabasen. Utifrå listene kan vi sjå tal slakta lam pr søye, slaktevekt på lam m.m.

Nokre søkjarar har ikkje levert lammeslakt, og mange søkjarar har låg avdrått pr søye, i slike tilfelle må vi vurdere om drifta er innanfor dei krava som vert stilt for å få husdyrtilskot.

I forskrifta vert det rekna som vanleg jordbruksproduksjon at søyene og fjorårslamma er drektige på teljedato (1. mars), og at lamma som ikkje vert para vart slakta om hausten. I vårt distrikt er det mange som ikkje parer førsteårslam, noko som heller ikkje er eit krav for å oppfylle vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon. Krav om produksjon av lam på dei vaksne sauene vil vere eit vilkår for å motta produksjonstilskot.

Det kan vere ulike grunnar til låg avdrått, og på søknadsskjemaet er det eit dialogfelt der søkjaren kan skrive årsaka til dette. Det vi ynskjer å vite er til dømes kva rase du har (villsau har til dømes lågare avdrått), om du har ein besetning under oppbygging og dermed har lite slakt og om du har ein praksis der du vel å ikkje setje på lamma om hausten. Då vil vi på landbrukskontoret få ei oversikt over driftsforma på ditt bruk, og på den måten kunne handsame søknaden på eit riktig grunnlag.

Dersom krava for vanleg jordbruksproduksjon ikkje er oppfylt skal kommunen vurdere å avslå husdyrtilskotet. Krava gjeld vilkåra for å motta husdyrtilskot og avløysartilskot. Om ein driv med sauehald med einaste hensikt å pleie/halde vedlike kulturlandskap, vil ein framleis få beite, areal og kulturlandskapstilskot til sauehaldet. Om du har sauer utelukkande for å pleie landskapet, og ikkje har fokus på å produsere kjøt er det ønskjeleg at du skriv ein kommentar om dette på søknadsskjemaet.

[Produksjons- og avløysartilskot ordninga](#)

Gardskart

Dersom det er endringar i jordbruksarealet på det enkelte bruk, skal kommunen synfare og endre markslag. Landbrukskontoret rettar ikkje eigedomsgrenser, dette er oppgåve som er lagt til bygg og eigedom. Det er spesielt viktig at areala er retta før søknaden om produksjonstilskot i oktober. Dersom du har rydda beite, dyrka opp eit areal eller det er andre arealendringar meld frå til oss i god tid føre denne datoen og seinast innan 1. august.

[Gardskart på nett](#)

Viltfond

Kvart år kan ein søke om midlar frå kommunalt viltfond for tiltak som fell innanfor viltfondforskrifta. Ein har i Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommunale retningsliner på kva som skal prioriterast. For Askvoll og Fjaler vert søknadar fortløpande handsama, noko som truleg vert praksis i Hyllestad også sidan Viltnemnda er nedlagt. For landbrukseigedomar som er aktivt drive kan ein merke seg at ein kan få inntil

35% tilskot for inngjerding av rundballelager og 30% for inngjerding av dyrka mark. Dette forutset nok tilgjengelege midlar på kommunalt viltfond.

Mykje hjort langs vegen!

Det er meldt om mykje hjort langs vegane rundt om i kommunane og det har vore ein del påkøyrslar siste åra. Om ein skulle vere uheldige å vere borti ein hjort med bilen, **SKAL ein varsle politiet på 02800**. Askvoll, Fjaler og Hyllestad har også ettersøksringar som rykker ut når uhellet er ute og ein køyrer på hjort. Ettersøksringen i Askvoll har telefon 91301221, medan Fjaler og Hyllestad har telefon 99158100.

Framleis mykje felt hjort

Alle tre kommunane har, som mange andre Vestlandskommunar, mål om å redusere hjortebestanden generelt på kommunalt nivå. Sett-hjort tala rapportert frå jegerar viser tendens til nedgang i Fjaler og Hyllestad, medan i Askvoll for første gang sidan 2017 viser auke i sett hjort.

Fellingstala i Fjaler og Hyllestad viser ny avskytingsrekord i begge kommunar sjølv om tala i Fjaler ikkje er endeleg bekrefta, medan Askvoll i 2023 hadde nest høgste fellingstal nokon gang.

Kommune	Tal felt hjort 2023
Askvoll	781. Nest høgst fellingstal nokon gang
Fjaler	919+. Ny fellingsrekord
Hyllestad	640. Ny fellingsrekord

Skog

Stadig meir av granskogen i kommunen nærmar seg hogstmoden alder. Ta kontakt med skogansvarleg i landbruksforvaltninga om du har spørsmål og treng råd! Mykje av granskogen bør stå ein del år endå, og det vil for mange vere ein stor gevinst i å utsette hogst då volumtilveksten i mange tilfelle er svært god dei siste ti åra. Det er også viktig å tidleg byrje tenke på tilkomst til skogen og vurdere vegløyningar. Samarbeid er ofte lurt. Kvart år delar statsforvaltaren ut tilskot til bygging av landbruksvegar, og tilskot saman med bruken av skogfond vil for mange gjer vegbygging lønnsamt. Landbruksforvaltninga hjelper grunneigarane med vurderingar kring landbruksvegar, og dette er noko svært mange grunneigarar rundt i kommunen bør byrje gjere vurderingar på. Fortløpande søknadar.

Kvart år får kommunen også tildelt NMSK-midlar som ein nyttar som tilskot til skogeigar som plantar skog eller gjer ungskogpleie i ungskogen. Dette bidreg til skogeigar som må plante ut ny skog etter hogst. Å forynge opp ny skog etter hogst er lovpålagt, og tilskot saman med skogfondsmidlar bidreg positivt på økonomien. Fortløpande søknadar.

Skap verdiar på landbrukseigedomene både gjennom vegbygging og planting og stell av skog. Gran på Vestlandet har av landets beste areallønsemd når det kjem til skog!

Merk: i Skrivande stund er tømmerprisane på både massevirke og sagtømmer dei beste på svært mange år!

Skogforsikring

I Noreg er det ein aktør som forsikrar skog; **Skogbrand**. Det er lett å teikne forsikring, der du legg inn skogarealet ditt som du finn til dømes på Gardskart hos Nibio og får forsikra skogen både mot brann og vind. Stormforsikringa er viktigast! Gå på www.skogbrand.no for å sjå vilkår og korleis du kan teikne forsikring. Skogforsikring kan du dekke med skogfond.

Informasjon om IBU-midlar i 2024 (Innovasjon Norge)

Har du planar for bruksutbygging, bygging av gjødsellager, plan- eller tårnsilo, eller ein står føre generasjonsskifte? Då kan det være mogleg å få støtte frå Innovasjon Norge til ditt prosjekt. Under kjem ei oversikt over prioriteringar og tilskot:

Tradisjonelt landbruk

- Tilskot til forstudie/ressursavklaring i mjølkeproduksjonen. Bidra til fleire økonomisk berekraftige prosjekt, særleg på små og mellomstore bruk som må legge om til lausdrift. 90% tilskot til inntil 100 000 i kostnader ved forstudie/ressursavklaring.
- Innan mjølkeproduksjonen vil omlegging til lausdrift ha høgast prioritet. Oppgradering av eldre fjøs kan verte prioritert om det er nok midlar. I 2024 kan det løyvast tilskot på inntil 50%, eller maks. 5,0 millionar. Om bygget/ konstruksjonen er i tre, kan ein få inntil kr. 400.000 i tretilskot.
- For tiltak for å imøtekomme krav til bås fjøs i 2024, kan IN løyve kring 30% tilskot.
- For kjøttproduksjon/ ammeku, kan ein få inntil 30% støtte. Viktig at prosjektet er lønnsamt og med moderate byggekostnader.
- Gjødsellager kan få 25% tilskot, inntil kr 250.000.-, krav om fast toppdekke.
- Tilskot til grovfôrlager, 25% av kostnad, inntil kr. 300.000
- Støtte ved generasjonsskifte gjeld søkarar under 35år. Ein kan få inntil 40% tilskot til prosjekt, avgrensa til kr. 2.000.000. Ordninga er avgrensa til seinast 5 år etter ein har tatt over bruket.
- Tilskot til fornybar energi /bioenergi– inntil 35 % tilskot, avgrensa til kr 1,0 mill (tradisjonelle solcelleanlegg ikkje lenger prioritert).

[Sjekkliste for søknad om støtte til driftsbygning](#)

Bygde-/ tilleggsnæring

Ein kan få støtte til å etablere tilleggsnæring til den tradisjonelle drifta på garden, slik at desse til saman kan gje tilfredsstillande inntekt og sysselsetting på garden. Søkar må bu på/ nært garden. Primært er ordninga innordna tiltak på gardsbruk i aktiv drift der brukaren og familien, står ansvarleg for prosjektet. Prosjektet må ha eit element av nyskaping, og vere tilknytt garden sine ressursar.

- Inn på tunet: Søkjar må vere godkjent Inn på tunet tilbydar eller ha ein plan for å oppnå godkjenning
- Gardstilknytt reiselivsnæring i kombinasjon med opplevingar kan prioriterast (auke overnattingskapasitet, vert normalt ikkje prioritert).

- Småskala grønproduksjon og mat drikke med lokal identitet.
- Bygdesag, foredling av trevirke

Ta gjerne kontakt med landbrukskontoret om du ynskjer å diskutere eit prosjekt. Ein finn også utfyllande informasjon om dei ulike ordningane, på [Innovasjon Norge sine nettsider](#).

Driveplikt

Den som eig eit jordbruksareal, har ansvar for å forvalte det godt og sørge for at det er i drift. Eigar kan oppfylle driveplikta ved å leige ut jorda til ein eller fleire. Etterspurnaden etter leigejord vil variere frå område til område. Kommunen har prøvd å få oversikt over kven som er interessert i meir areal slik at jord som er ute av drift i større grad kan kome i drift igjen gjennom leigeavtaler. Dersom du vil stå på ein uforpliktande liste over gardbrukarar som ynskjer meir areal kan du kontakte oss. Kommunen erfarer at det er viktig at jordeigar og jordleiger har gjensidig kunnskap om driveplikta. Link til brosjyre om driveplikta frå Statsforvaltaren [Brosjyre Statsforvaltaren](#)



Venleg helsing

Liv Synnøve, Velaug, Lina, Johannes og Kenneth